



## **DELÅRSRAPPORT** **4. kvartal 2008**

Voss, 20. januar 2009

Voss Veksel- og Landmandsbank ASA  
Postboks 10, 5701 Voss  
Telefon: 56 52 35 00 fax. 56 51 27 47  
[www.vekselbanken.no](http://www.vekselbanken.no)  
E-post: [post@vekselbanken.no](mailto:post@vekselbanken.no)

## **FØREBELS ÅRSREKNESKAP 2008 FRAMLEGG OM 36 KR I UTBYTTE**

Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA har handsama førebels årsrekneskap for 2008. Resultatet er tilfredsstillande på tross av finanskrisa. Banken bokfører eit resultat før skatt på 20,6 mill. kr, mot 29,1 mill. kr året før. Resultatet utgjer 0,86% av gjennomsnittleg rådveldekapital, mot 1,34% for 2007. Etter skatt er resultatet i år 13,9 mill. kr, mot 21,3 mill. kr. i 2007, som i % av gjennomsnittleg rådveldekapital utgjer 0,58% mot 0,98% i 2007.

Styret i banken gjer framlegg om å utbetala 36 kr i utbytte pr aksje for 2008.

Sjølv om finanskrisa har medført sterk auke i fundingskostnadane, går den ordinære bankdrifta godt. Netto rente og kredittprovisjonsinntekter er ved utgangen av 2008 58,0 mill. kr, ein reduksjon på 0,4 mill. kr i forhold til i fjor. Rentenettoen i 2008 er 2,41% av gjennomsnittleg rådveldekapital, mot 2,69% for 2007.

Finanskrisa i haust har ført til kraftig verdifall på Oslo Børs, og banken kostnadsfører netto tap og verdiendringar med 5,5 mill. kr. på verdipapir i handelsporteføljen i år, mot kostnadsføring på 0,5 mill. kr i 2007. Av kostnadsføringa skriv 0,9 mill. kr seg frå førebels bokført avsetning på vår garanti til Eksportfinans ASA på totalt 2,25 mill. kr. På verdipapir vurdert som anleggsmiddel er samla nedskrivning av verdiane i år 2,2 mill. kr.

Totale driftskostnader auka med 0,5 mill. kr. til 32,5 mill. kr. I prosent av gjennomsnittleg rådveldekapital er driftskostnadane redusert til 1,35% mot 1,48% i fjor, noko som samanlikna med andre bankar på vår storleik er godt.

I 2008 bokfører banken nedskrivningar på utlån og garantiar med 2,2 mill. kr, mot 2,4 mill. kr i 2007. Konstaterte tap i år, som tidlegare er nedskrive, utgjer 4,2 mill. kr. Misleghaldne lån ved utgangen av året utgjer berre 0,3% av brutto utlån, ein nedgang frå 1,2% i fjor. Sjølv om vi er inne i tider som kan synast vanskelege for næringsliv og private i vårt marknadsområde, føler vi oss trygge på at nedskrivningane vi har føreteke på utlån er tilstrekkelege. Samla individuelle nedskrivningar på utlån utgjer 1,5% av brutto utlån, og gruppevise nedskrivningar utgjer i tillegg 0,5%.

Banken held fram den gode veksten i rådveldekapitalen, sjølv om veksttakten minka noko utover hausten. Auken i år er på 244 mill. kr, eller knapt 11%, og rådveldekapitalen pr. 31.12.08 er 2.486 mill. kr.

Veksten i innskota er framleis god. Innskot frå kundar har auka med 140 mill. kr til 1.728 mill. kr., eller 8,8%. Innskot utgjer 82,5% av brutto utlån, ein auke frå 80% ved førre årsskifte, noko banken er godt nøgd med.

Brutto utlån har auka med 115 mill. kr eller 5,8%, og er ved årsskiftet 2.095 mill. kr.

Resultatet for 2008 fører til at banken styrkjer eigenkapitalen med 10,5 mill. kr, og bokfører ein samla eigenkapital ved årsskiftet på 220,6 mill. kr. Eigenkapitaldekninga ved utgangen av året er 16,76%.

Ved børs slutt 31.12.08 var kursen på banken sine aksjar 2.050 kr. Resultat i år utgjer 146 kr pr aksje, medan matematisk verdi på aksjen er 2.322 kr.

# DELÅRSRAPPORT 4. KVARTAL 2008

## RESULTATUTVIKLING

Voss Veksel- og Landmandsbank ASA syner eit resultat før skatt i 4. kvartal på 1,5 mill. kr, mot 7,7 mill. kr i 4. kvartal i fjor. Dette tilsvarar 0,23% i år, mot 1,36% i fjor av gjennomsnittleg rådveldekapital (GFK) i kvartalet. Resultat etter skatt er 0,8 mill. kr, mot 5,5 mill. kr i same kvartal i fjor, tilsvarande 0,12% i år og 0,98% i fjor av GFK i kvartalet. Ved utgangen av året er resultatet etter skatt 13,9 mill. kr eller 0,58%. Tilsvarande tal i fjor var 21,3 mill. kr og 0,98%.

## RENTEMARGIN

Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter i 4. kvartal er 14,4 mill. kr, mot 15,8 mill. kr i fjor. 1% av GFK i kvartalet er rentemarginer 2,27% mot 2,81% i fjor. Pr. 31.12 er rentemarginen 58,0 mill. kr mot 58,4 mill. kr i same periode i fjor. 1% av GFK er rentemarginen 2,41% i år mot 2,69% i fjor. Uroa og konkurransen i finansmarknaden har medført at banken i 2. halvår har fått auka fundingskostnader og auka press på rentemarginen.

## INNTEKTER FRÅ VERDIPAPIR

Den negative utviklinga på Oslo Børs og i verdsøkonomien vi opplevde i 3. kvartal har forverra seg i 4. kvartal. Banken sin portefølje av verdipapir vurdert som handelsportefølje gjenspeglar denne utviklinga, og i 4. kvartal er det kostnadsført 2,1 mill. kr i realisert agio/disagio og verdjusteringar, mot ei kostnadsføring på 0,1 mill. kr i fjor. Pr. 31.12 i år er kostnadsføringa totalt 5,5 mill. kr mot ei kostnadsføring på 0,5 mill. kr i fjor. På verdipapir vurdert som anleggsmiddel er det i tillegg i kvartalet og for heile året kostnadsført 2,2 mill. kr.

## DRIFTSKOSTNADER

Sum driftskostnader i 4. kvartal er 9,2 mill. kr, mot 8,9 mill. kr i tilsvarande periode i fjor. Utviklinga i driftskostnadane er banken godt nøgd med, då desse er redusert til 1,45% av GFK i kvartalet mot 1,58% i fjor. Pr. 31.12 i år er driftskostnadane 32,5 mill. kr mot 32,0 mill. kr i fjor. Dette tilsvarar 1,35% av GFK på årsbasis, noko som samanlikna med andre banker på vår storleik, syner at kostnadsnivået i banken ikkje er høgt.

## TAP OG MISLEGHALDNE LÅN

I 4. kvartal har banken bokført tap på kundeengasjement med 0,5 mill. kr mot 0,3 mill. kr i same periode i fjor. Konstaterte tap som tidligare er nedskrive, summerer seg opp til 4,3 mill. kr i år, mot 5,7 mill. kr i fjor. Netto misleghaldne lån er redusert til 6,7 mill. kr ved slutten av året, mot 24,5 mill. kr i fjor, slik at netto misleghaldne lån i % av brutto utlån ved årsskiftet utgjør berre 0,32%, mot 1,24% i fjor. I 2008 har banken kostnadsført 2,2 mill. kr i tap på utlån, som er 0,2 mill. kr mindre enn i 2007.

## RÅDVELDEKAPITAL

Rådveldekapitalen er i 4. kvartal redusert med 24,7 mill. kr, eller 1,0%. Banken sin rådveldekapital pr. 31.12.08 er 2 486 mill. kr. For dei siste 12 månadane er veksten i rådveldekapitalen 244 mill. kr, eller 10,8%.

## INNSKOT

Innskot frå kundar er auka med 72 mill. kr i 4. kvartal, eller 4,35%. Innskot frå kundar ved slutten av året er 1 728 mill. kr, mot 1 588 mill. kr i fjor. Auken utgjør 140 mill. kr eller 8,82%. Innskot frå kundar utgjør 82,5% av brutto utlån, opp frå 77% ved halvårsskiftet.

## UTLÅN

I 4. kvartal er brutto utlån til kundar auka med 23 mill. kr, eller 1,14%. Brutto utlån til kundar utgjør 2 095 mill. kr ved slutten av året, mot 1 980 mill. kr i fjor. Auken utgjør 115 mill. kr, eller 5,81%.

## EIGENKAPITAL OG KAPITALDEKNING

Netto ansvarleg kapital etter dei nye Basel II reglane er 242 mill. kr som gjev ein kapitaldekningsprosent på 16,76%. Kjernekapitalen er samstundes 217 mill. kr, eller 15,03%. I forhold til minimumskrava er overdekkinga 127 mill. kr

## REVISJON

Kvartalsrekneskapen er ikkje fullstendig revidert.

## REKNESKAPSPRINSIPP

Delårsrapporten er sett opp i samsvar med "Norsk RegnskapsStandard 11 Delårsrapportering", og som er same prinsipp som ved årsoppgjeret for 2007.

## UTSIKTENE FOR 2009

Finanskrisa har råka også Voss, og utsiktene for 2009 er vanskeleg å konkretisera. Styret meiner likevel at banken sin solide eigenkapital, gode fundings situasjon, solide tapsavsetjingar samt ein lokalmarknad som er nokolunde stabil framleis vil vera i stand til å leverera tilfredsstillande resultat framover. Vonleg vil igangsetting av varsla tiltak frå styresmaktene ha positiv verknad samfunnsøkonomisk, både lokalt, regionalt og nasjonalt. Vidare er det i alle si interesse at verdsøkonomien stabiliserer seg.

## FRÅSEGN FRÅ STYRE OG DAGLEG LEIAR

Vi stadfestar etter beste overtyding at rekneskapen for perioden 1. januar til 31. desember 2008 er utarbeidd i samsvar med Norsk Rekneskapslov, og at rekneskapsopplysningane samla sett gir eit rettvise bilde av selskapet sine eignelutar, gjeld, finansielle stilling og resultat, samt at delårsrapporten gir eit rettvise oversyn over viktige hendingar i rekneskapsperioden og deira verknad på rekneskapen, nærstående vesentlege transaksjonar og dei mest sentrale risiko- og usikkerheitsfaktorar verksemda står overfor i neste rekneskapsperiode.

Kontaktpersonar: Fungerande banksjef

Einar Larsen

tlf 56 52 35 00

## RESULTATREKNESKAP

Alle tal i heile NOK 1.000

	4. kv. 08	4. kv. 07	31.12.08	31.12.07	31.12.06
Renteinntekter og liknande inntekter	45.923	36.393	166.949	121.854	81.561
Rentekostnader og liknande kostnader	31.533	20.543	108.976	63.429	30.314
<b>Netto rente- og kredittprovisjonsinntekter</b>	<b>14.390</b>	<b>15.850</b>	<b>57.973</b>	58.425	51.247
Utbytte og andre inntekter av verdipapir med variabel avkastning	0	0	400	1.313	1.079
Provisjonsinntekter og inntekter frå banktenester	1.507	1.443	6.179	5.890	5.686
Provisjonskostnader og kostnader ved banktenester	-549	-606	-2.191	-2.297	-2.519
Netto verdiendring og gevinst/tap på valuta og verdipapir som er omløpsmidlar	-2.118	-70	-5.527	-524	4.727
Andre driftsinntekter	207	270	703	712	839
<b>Sum andre inntekter</b>	<b>-953</b>	1.037	<b>-436</b>	5.094	9.812
<b>Sum netto inntekter</b>	<b>13.437</b>	<b>16.887</b>	<b>57.537</b>	63.519	61.059
Løn og generelle administrasjonskostnader	7.876	7.615	27.319	26.454	24.929
Ordinære avskrivningar	143	128	477	1.210	2.006
Andre driftskostnader	1.190	1.157	4.746	4.355	4.563
<b>Sum kostnader</b>	<b>9.209</b>	<b>8.900</b>	<b>32.542</b>	32.019	31.498
<b>Resultat før tap</b>	<b>4.228</b>	<b>7.987</b>	<b>24.995</b>	31.500	29.561
Tap på utlån, garantiar m.v.	529	305	2.211	2.447	1.951
Nedskrivning/gevinst/tap på verdipapir som er anleggsmidlar	2.214	0	2.214	0	0
<b>Netto tap og avskrivningar</b>	<b>2.743</b>	<b>305</b>	<b>4.425</b>	2.447	1.951
<b>Resultat før skatt</b>	<b>1.485</b>	<b>7.682</b>	<b>20.570</b>	29.053	27.610
Skatt på ordinært resultat	697	2.153	6.700	7.683	5.178
<b>Resultat for rekneskapsåret</b>	<b>788</b>	<b>5.529</b>	<b>13.870</b>	21.370	22.432
<b>Disponering av overskot:</b>					
Utbytte på aksjar			3.420	5.890	6.175
Overført til annan eigenkapital			10.450	15.480	16.257
<b>Sum disponert</b>			<b>13.870</b>	21.370	22.432
Resultat pr. aksje	8,29	58,20	146,00	224,95	236,13
Utvatna resultat pr. aksje	8,29	58,20	146,00	224,95	236,13

## BALANSE

Alle tal i heile NOK 1.000

**31.12.08** 31.12.07 31.12.06

### EIGNELUTAR

Kontantar og fordringar på sentralbankar	247.008	126.988	114.024
Utlån til og fordringar på kredittinstitusjonar	60.538	41.229	49.377
Netto utlån og fordringar på kundar	2.055.233	1.939.358	1.726.305
Sertifikat, obligasjonar og andre renteberande verdipapir med fast avkastning	80.940	94.643	95.707
Aksjar, andelar og andre verdipapir med variabel avkastning	21.655	24.968	24.127
Utsett skattefordel	3.075	882	0
Finansielle derivat	0	0	0
Varige driftsmidlar	4.227	1.663	3.333
Forskotsbetalte ikkje påløpne kostnader og opptente ikkje mottekne inntekter	13.073	12.695	8.868
<b>SUM EIGNELUTAR</b>	<b>2.485.749</b>	<b>2.242.426</b>	<b>2.021.741</b>

### GJELD OG EIGENKAPITAL

Gjeld til kredittinstitusjonar	0	5.000	75.000
Innskot frå og gjeld til kundar	1.727.909	1.587.790	1.441.109
Obligasjons- og sertifikatgjeld	477.000	377.500	250.000
Finansielle derivat	877	0	0
Anna gjeld	17.657	26.594	25.245
Påløpne kostnader og mottekne ikkje opptente inntekter	9.761	5.674	6.386
Avsetjingar for påløpne kostnader og forpliktingar	6.896	4.516	4.325
Ansvarleg lånekapital	25.000	25.000	25.000
<b>Sum gjeld</b>	<b>2.265.100</b>	<b>2.032.074</b>	<b>1.827.065</b>

### EIGENKAPITAL

<i>Innskoten eigenkapital</i>			
Aksjekapital (95 000 aksjar á kr. 100,-)	9.500	9.500	9.500
- Behaldning egne aksjar	-12	-6	-15
Sum innskoten eigenkapital	9.488	9.494	9.485
<i>Opptent eigenkapital</i>			
Annan eigenkapital	211.161	200.858	185.191
Sum opptent eigenkapital	211.161	200.858	185.191
<b>Sum eigenkapital</b>	<b>220.649</b>	<b>210.352</b>	<b>194.676</b>

### SUM GJELD OG EIGENKAPITAL

	<b>2.485.749</b>	<b>2.242.426</b>	<b>2.021.741</b>
Garantiansvar	45.108	48.055	32.971
Pantsetjingar	0	0	0
Eigenkapitaldekning	16,76 %	15,31 %	15,88 %
Gjennomsnittleg rådveldekapital	2.405.463	2.169.562	1.877.773

Voss, 20.01.09

Styret i Voss Veksel- og Landmandsbank ASA

Lars I. Kvarekval  
styreformann

Anders Ullestad

Åse Karin Tennebekk

Jorunn Lødemel

Norvald Fretheim

-----  
Einar Larsen  
Fungerande banksjef

## TAP PÅ UTLÅN

### Bokførte tap

Endring i individuelle tapsnedskrivningar
Endring amortiseringseffekt individuelle nedskrivningar
Endring i gruppevise nedskrivningar
Konstaterte tap som det tidl. er nedskrive for
Konstaterte tap som det tidl. ikkje er nedskrive på
Inngang på tidlegare avskrivne tap

### Sum tap i perioden

Sum tap gjeld tap på utlån.

Alle tal i heile NOK 1.000

31.12.08	31.12.07	31.12.06
-846	4.898	-1.965
-1.164	-540	375
0	-7.500	2.400
4.292	5.731	1.185
0	17	0
-71	-159	-44
<b>2.211</b>	<b>2.447</b>	<b>1.951</b>

### Misleghaldne og andre tapsutsette engasjement

Brutto misleghaldne lån
Individuelle tapsnedskrivningar

### Netto misleghaldne lån

7.023	33.608	12.462
246	9.046	5.233
<b>6.777</b>	<b>24.562</b>	<b>7.229</b>

Andre tapsmerka engasjement
Individuelle tapsnedskrivningar
Netto tapsutsette ikkje misleghaldne lån

### Netto tapsutsette engasjement

95.168	90.975	113.693
29.082	21.129	22.629
<b>66.086</b>	<b>69.846</b>	<b>91.064</b>
<b>72.863</b>	<b>94.408</b>	<b>98.293</b>

## SPESIFIKASJON NETTO UTLÅN

Brutto utlån
Amortiseringseffekt individuelle nedskrivningar
Individuelle nedskrivningar / spesifiserte avsetjingar
Gruppevise nedskrivningar / uspesifiserte avsetjingar
Netto utlån til kundar

2.095.067	1.980.037	1.769.954
2.311	2.586	2.219
-31.639	-32.759	-27.862
-10.506	-10.506	-18.006
<b>2.055.233</b>	<b>1.939.358</b>	<b>1.726.305</b>

## ENDRING I EIGENKAPITALEN

Eigenkapital pr. 01.01
Prinsippendring åpningsbalanse 01.01.06
Kjøp / sal egne aksjar
Resultat i perioden
Utbytte

### Eigenkapital pr. 31.12

210.352	194.676	177.055
		1.432
-153	197	-68
13.870	21.369	22.432
-3.420	-5.890	-6.175
<b>220.649</b>	<b>210.352</b>	<b>194.676</b>

## KONTANTSRAUMOPPSTILLING

Rente-, gebyr- og provisjonsinnbetalningar
Rente-, gebyr- og provisjonsutbetalningar
Andre innbetalningar
Driftsutbetalningar
Inngått på tidlegare avskrivne konstaterte tap
Utbetalt utbytte
Betalte skattar
<b>Tilført frå verksemda</b>
Auke (-) / reduksjon (+) i utlån frå kundar
Auke (+) / reduksjon (-) i innskot frå kundar
Auke (+) / reduksjon (-) i gjeld til kredittinstitusjonar
Auke (+) / reduksjon (-) i obligasjons- og sertifikatgjeld
Auke (-) / reduksjon (+) i andre fordringar
Auke (-) / reduksjon (+) i kortsiktige verdipapir
Auke (-) / reduksjon (+) i plasseringar i kredittinstitusjonar
Auke (+) / reduksjon (-) i anna gjeld
Auke (+) / reduksjon (-) i ansvarleg lånekapital
Auke (-) / reduksjon (+) i egne aksjar
<b>Netto kontantstraum frå dagleg finansiell verksemd</b>
Investert i varige driftsmidlar
Avgang varige driftsmidlar, til salssum
Auke (-) / reduksjon (+) i langsiktige plasseringar i verdipapir
<b>Netto kontantstraum frå investeringar</b>
Netto endring likvidar
Likviditetsbeholdning pr. 01.01
<b>Likviditetsbeholdning pr. 31.12</b>

170.583	127.037	85.764
-106.819	-66.461	-30.644
1.793	2.230	2.267
-30.291	-28.908	-28.172
71	159	44
-5.890	-6.175	-5.225
-8.917	-7.300	-6.103
<b>20.530</b>	<b>20.582</b>	<b>17.931</b>
-119.617	-215.832	-210.708
140.119	146.682	156.969
-5.000	-70.000	-29.433
99.500	127.500	150.000
3.469	-3.780	93
4.618	95.685	-20.415
0	0	1.022
-6.443	14	-877
0	0	0
-153	197	-67
<b>116.493</b>	<b>80.466</b>	<b>46.584</b>
-3.041	460	-1.249
0	0	15
5.347	-96.692	987
<b>2.306</b>	<b>-96.232</b>	<b>-247</b>
139.329	4.816	64.268
168.217	163.401	99.133
<b>307.546</b>	<b>168.217</b>	<b>163.401</b>

### Likviditetsbeholdning 31.12 består av:

Kontantar og fordringar på sentralbankar
Investert i og fordringar på bankar utan avtalt løpetid
<b>Sum likviditetsbeholdning pr. 31.12</b>

247.008	126.988	114.024
60.538	41.229	49.377
<b>307.546</b>	<b>168.217</b>	<b>163.401</b>